# LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Anders O Grevstad
Conrad Mohrsvei 15
5072 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 27.01.2017 |
| Vår: 16/1383 - 17/2664 | anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 99/23, 34 Våge

Kommunen viser til søknad om løyve til å etablera avlaupsanlegg mottatt 11.01.2017.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Serviceavtale for drift og vedlikehald av reinseanlegget, jf punkt 5 i utsleppsløyve der det er sett vilkår om at slik avtale må liggja føre før det kan gjevast byggjeløyve.

- Situasjonsplan der avstand til fylkesveg 57 er påført. Byggjegrensa langs fv 57 er 50 meter frå midt veg. Etablering av tiltak innanfor denne krev dispensasjon.

Kommunen vil handsama søknaden når dokumentasjonen er mottatt. Frist for supplering av søknaden vert sett til **17.02.2017**.Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Med helsing

| | |
| --- | --- |
| Siril Sylta | Anne Lise Molvik |
| avdelingsleiar | rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Anders O Grevstad | Conrad Mohrsvei 15 | 5072 | BERGEN |
| Arild Oppedal | Nedbergelien 4 | 5178 | LODDEFJORD |